

Innkalling/saksliste Voss Reiselivsråd

Dato: 23.03.2025

Stad: Gondolbygget, Visit Voss sine nye lokale på bakkeplan

Tid: 12.00 -14:00

Til stade:

Brede Abbedissen (Voss Resort) (stilte for Jonas Bauer)

Helene Bjørnø (Norway's Best)

Delphine Huet (Voss Vind)

Berit Lunde(Park Hotel Vossevangen)

Tor Andre Villmones(Scandic Voss)

Frode Solbakk (Voss Active)

Tord Bakke Arvesen (Ekstremспортveko) hadde meldt forfall til møtet.

Ordinere saker

06-25: Konstituering

Kvart einskild rådsmedlem vert i forkant av møtet bedt om å tenke i gjennom forslag til verv, og om du sjølv ynskjer eit verv. Send forslag til Frode Solbakk før møtet.

Reiselivsrådet konstituerer seg sjølv, og skal velje:

- Leiar
- Nestleiar
- Representant til Næringsrådet
- Representant til Destinasjonsleiinga i Voss herad x 2

Vedtak

Reiselivsrådet har konstituert seg på fylgjande måte:

- Leiar: Frode Solbakk (Voss Active)
- Nestleiar: Tor Andre Villmones (Scandic Voss).
- Representant til Næringsrådet: Knut Kettermann (Norway's Best).
- Representantar til Destinasjonsleiinga i Voss herad: Øystein Ormåsen (Wild Voss) og Harald Håland (Norway's Best).

07-25: Avsluttande konklusjon på prosjektet "Organisering og Finansiering"

Sjå vedlagt sluttrapport frå konsulent.

Reiselivsrådet har saman med administrasjonen i Visit Voss køyrt ein prosess med delfinansiering frå Vestland fylkeskommune om kva oppgåver Visit Voss skal løyse, og korleis arbeidet skal finansierast. Målsetning for prosjektet har vore å finne modellar og løysingar for å betre soliditeten og det økonomiske handlingsrommet til destinasjonsselskapet Visit Voss.

Etter innspel frå reiselivsrådet i denne prosessen, har administrasjonen i Visit Voss rigga eit nytt kampanjeoppsett kor medlemsbedriftene kan kjøpe seg inn i kampanjar, dette har vorte godt motteke og vil styrke marknadsbudsjettet til Visit Voss.

Sjå også eigen sak om trappetrinnsmodell på medlemsbidrag (sak 08.25).

Reiselivsrådet må drøfte om det er andre moment frå prosjektet ein skal jobbe vidare med, særleg om det skal jobbast med å få på plass ei B2B satsing.

Me har nokre timar «til gode» hjå innleigd konsulent Ståle Brandshaug.

Innstilling frå administrasjonen

- Reiselivsrådet set ned ei arbeidsgruppe, kor bedrifter som er interessert i ei fellessatsing på B2B ser på ei felles løysing.
- Reiselivsrådet gjennomfører eit status / oppsummeringsmøte med konsulent Ståle Brandshaug hausten 2025, då kan ein ta med i diskusjonen erfaringa frå sommarens drift av turistinformasjonen i nye lokale, samt erfaringar frå det nye digitale kampanjeoppsettet.

Vedtak:

- Reiselivsrådet ynskjer at Visit Voss skal tilby medlemsbedriftene deltaking på B2B aktivitetar, etter modell frå den nye digitale kampanjesatsinga.
- Reiselivsrådet gjennomfører eit status / oppsummeringsmøte med konsulent Ståle Brandshaug hausten 2025, då kan ein ta med i diskusjonen erfaringa frå sommarens drift av turistinformasjonen i nye lokale, samt erfaringar frå det nye digitale kampanjeoppsettet.

08-25: Medlemskontingent 2025. Forslag om trappetrinnsmodell på medlemsbidrag.

I prosessen med prosjektet "Organisering og Finansiering" har det kome fram at enkelte medlemmer tykkjer medlemsmodellen ein opererer med i Visit Voss, med ein makspris (140 000) slår urettferdig ut, og at det bør innførast ein enkel trappetrinnsmodell.

Dagens medlemsavtalar i Visit Voss seier fylgjande om medlemsbidrag:

Medlemskap - Visit Voss

0,3% av netto omsetning (eks: kr 15 000 ved 5 mill i omsetning). Min. kr 7500. Maks årleg bidrag er kr 140 000. Basismedlemskap i Hardanger og Voss Næringshage er inkludert.

Innstilling frå administrasjonen til ny trappetrinnsmodell

- Minimums medlemsbidrag kr 7500,-
- Maks årleg medlemsbidrag ved omsetjing under 60 millionar kr 130 000,-
- Maks årleg medlemsbidrag ved omsetjing over 60 millionar kr 160 000,-

Vedtak

Maks årleg bidrag vert sett til 140 000,- administrasjonen lagar eit nytt forslag til utvida trappetrinnsmodell på medlemsbidrag, denne vert handsama på neste møte i Reiselivsrådet.

09-25: Kompani Lauritzen og Tropp; bidrag frå Scandic og innspeling 2025/2026

Kontrakt for tredje år av prosjektet skal etter planen signerst i mai/juni 2025, men Reiselivsrådet bør allereie no ta stilling til om ein ynskjer å signere det tredje året, slik at me kan gi Seefood og TV2 signal. Dei er allereie godt i gang med planlegginga av tredje år.

I finansieringsplanen for tredje år av innspelinga, ligg det inne eit medlemsbidrag på (150`), på lik line med det som låg inne det fyrste året.

Reiselivsrådet må difor ta med i vurderinga at Visit Voss må krevje inn eit likelydande medlemsbidrag med det som vart gjort i 2023, for å kunne signere kontrakt for tredje år. Sjå vedlagt brev som vart sendt ut til medlemmene september 2023.

Overnatting 2025/2026 sesongen har også vist seg å bli ei utfordring i prosjektet.

Scandic har ikkje klart å lande ei avtale med Seefood/TV2 om overnatting, slik det var tenkt.

Difor ser det no ut som dei overnattar på Park Hotel igjen siste året.

Reiselivsrådet må difor drøfte korleis ein skal gjere det med bidrag frå Scandic inn i prosjektet.

Dei medlemmene som ikkje har bidreg med overnatting/produkt, har allereie har betalt inn eit bidrag for fyrste år, og må også betale inn eit nytt bidrag om ein skal signere kontrakt for år 3 av innspelinga. (Sjå vedlagt brev).

Reiselivsrådet må også drøfte kva ein skal gjere med eventuelle premiefestar i 2025. desse har vore svært populære hjå lokalbefolkninga, men er ressurskrevjande å arrangere.

Innstilling frå administrasjonen

- Visit Voss / Hardanger og Voss næringshage signerer kontrakt for år 3 av innspelinga av Kompani Lauritzen og Tropp på Voss, reiselivsrådets medlemmer er då innforstått med at Visit Voss må krevje inn eit likelydande medlemsbidrag med det som vart gjort i 2023.
- Scandic Voss bidreg med 50´ per prosjektår inn i prosjektet.

Vedtak

- Reiselivsrådet ynskjer at Visit Voss / Hardanger og Voss Næringshage AS signerer kontrakt for år 3 av innspelinga av Kompani Lauritzen og Tropp på Voss. Reiselivsrådet er då innforstått med at Visit Voss må krevje inn eit likelydande medlemsbidrag med det som vart gjort i 2023. Norway´s Best forpliktar seg til å bidra med 75`, Voss Resort 50`og Park Hotell Vossevangen 25` inn i prosjektet, det vert allokert 100´frå Visit Voss sitt budsjett. Reiselivsrådet ynskjer ein finalefest for Tropp hausten 2025, denne bør ein ta inngangspengar for.

10-25: Møteplan fram til sommaren samt drøfte kva som vert viktige saker for rådet i 2025

Send gjerne inn innspel i forkant av møtet til saker de tykkjer det er viktig at Reiselivsrådet tek tak i i 2025.

Neste møte: tirsdag 6. mai 12.00-14.00

11-25: Ymse